

Kompetansemidler 2016 - Sentrale føringar, satsingsområde og kriterier for tildeling

Utdanningsdirektoratet har sett kriterier for tildeling og lagt vekt på at sentrale føringar og satsingsområde vert følgt. Kompetansemidlane skal nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar etter nasjonalt prioriterte fagområde. Ein skal leggje opp til fordeling til tilsette i kommunale og ikkje - kommunale barnehagar med utgangspunkt i fordelinga i talet private og kommunale barnehagar i kommunen.

Målet er å heve kompetansen til personalet i barnehagane i tråd med formålet til barnehagen, og for rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver. Kompetansemidlane skal nyttast til barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak for tilsette i barnehagen og medverke til å stimulere til å utvikle barnehagen som ein lærande organisasjon. Det bør leggjast opp til at kompetansetiltaka når alle tilsette i barnehagen, uansett tidlegare erfaring og kompetansenivå. Midlane skal brukast i tråd med føringar og mål i strategien *Kompetanse for framtidens barnehage*¹.

Dei fire tematiske satsingsområda i kompetansestrategien ligg fast. Desse er:

- Pedagogisk ledelse – barnehagen som lærende organisasjon
- Danning og kulturelt mangfold
- Et godt språkmiljø for alle barn
- Barn med særskilte behov

Som del av føringane er dei nasjonalt prioriterte områda til å utvikle og gjennomføre utviklingstiltak i den enkelte barnehage.

Dei prioriterte områda er:

Barnehagens språkmiljø og barns språkutvikling

Kompetanseutviklingstiltak skal sjåast i samanheng med *Språkløyper*² - Nasjonal strategi for språk, lesing og skrivning (2016 -2019). Målet er å auke dei tilsette sin kompetanse med systematisk arbeid med språkmiljøet i barnehagen for å støtte språkutviklinga. Dette skal medverke til at alle barn får utvikla sitt språklege potensial på en måte som styrkjer grunnlaget for læring og utvikling. I tillegg skal tiltaket medverke til å førebygge språkvanskar slik at barn som strevar med språkutviklinga blir oppdaga tidleg, og at tiltak kan setjast inn.

¹ Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020.

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/sprak--lese--og-skrivestrategi/id2460761/>

Realfag i barnehagen

Tiltak skal sjåast i samanheng med *Tett på realfag*³- Nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnopplæringa (2015 -2019). Kompetanseutviklingstiltak skal auke dei tilsette sin kompetanse i å arbeide systematisk med fagområda «Antall, rom og form» og «Natur, miljø og teknikk». Dette skal medverke til å utfordre barnehagebarn sine interesser når det gjelder realfag, til å leggje til rette og å utforske saman med barna.

Læringsmiljøet i barnehagen

Søknaden skal vise tiltak som støtter læringsmiljøet i barnehagen. Tiltak skal sjåast i samanheng med NOU 2015:12. ⁴**Å høre til** – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø. Det betyr blant anna å utvikle eit trygt og godt psykososialt miljø for å fremje trivsel, og arbeide med å førebygge mobbing og diskriminering.

Med utgangspunkt i igangsette eller planlagde tiltak kan midlane også benyttast til kompetanseheving der målet er å auke kompetansen hos barnehagetilsette i å leggje til rette for dei yngste samanhengen mellom barnehage og skule, tilrettelegging for dei yngste, likestilling, og barn med særlege behov.

Barnehagemyndigheten si rolle og Fylkesmannen sine oppgåver i oppfølging av kompetanseutviklingstiltak i barnehage

Barnehagemyndigheten må informere alle barnehageeigarar og spesielt motivere barnehageeigarar der ein kjenner til at det er eit særskilt behov for å utvikle kompetanse innan dei prioriterte satsingsområda som er nemnt over.

Fylkesmannen tildeler kompetansemidlar etter søknad frå barnehagemyndigheten i kommunane. Fylkesmannen har i det vidare eit ansvar for sjå til at utviklingsarbeid og implementering av tiltak skjer i nær kontakt med kommunen som barnehagemyndighet og relevante fagmiljø.

Kriterier for tildeling til kommunar og barnehagar

Barnehagemyndigheten har ansvar for å kartlegge og utvikle ein heilskapleg plan i sin kommune. Kommunen som barnehagemyndighet, barnehageeigarar og barnehagens styrar skal ta ansvar for å sikre heilskap og god samanheng i arbeidet med kompetanseutviklingstiltak.

Barnehageeigar har det primære ansvaret for kompetanseutvikling for sine tilsette, inkludert tilrettelegging for at tilsette kan delta på kompetanseutviklingstiltak. Dette blir understreka som eit viktig kriterium for å få statlege midlar.

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tett-pa-realfag/id2435042/>

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/>

Sitat frå Utdanningsdirektoratet sine føringar:

«Kriterier for tildeling av midler til kommuner og barnehager

Fylkesmannen skal fordele midlene med utgangspunkt i en helhetlig plan for kompetanseutvikling. Barnehagemyndigheten har ansvar for å kartlegge og utvikle en helhetlig plan i sin kommune. [...] Planen skal omfatte kommunale og ikke-kommunale barnehager, og barnehagenes lokale kompetansebehov skal ligge til grunn for tiltakene. Planen bør vektlegge samarbeid og helhetlig tenkning for kompetanseutvikling. Der forutsetningene er tilstede oppfordres det til samarbeid mellom barnehager, og mellom barnehager og skoler.

Barnehagebasert kompetanseutvikling skal være førende. Barnehagen utvikles som pedagogisk virksomhet og som lærende organisasjon når den samlede kompetansen i barnehagen utvikles individuelt og kollektivt. Den barnehagebaserte kompetanseutviklingen skal inkludere hele barnehagens personalgruppe. Å arbeide med barnehagebasert kompetanseutvikling fordrer at barnehageeiere og barnehageledere (styrere) forankrer utviklingsarbeidet i egen virksomhet, og leder prosessene i personalgruppen. Målet er å utvikle barnehagens pedagogiske praksis og øke kvaliteten på barnehagens pedagogiske innhold og læringsmiljø.

Samarbeid med fagmiljøer skal inngå som del av kompetanseutviklingstiltakene. Det skal redegjøres for hvilket miljø og hvordan det aktuelle miljøet skal medverke. Det skal videre redegjøres for kostnader knyttet til bruk av fagmiljøer. Eksempler på fagmiljøer kan være universiteter og høyskoler, nasjonale sentre, og andre eksterne kompetansemiljøer. Kompetanseutviklingstiltakene skal i størst mulig grad gjennomføres i barnehagen. Det innebærer at det aktuelle fagmiljøet, så langt det lar seg gjøre, deltar og veileder utviklingsarbeidet i den enkelte barnehage. Fagmiljøet skal medverke med faglig støtte, men står ikke som ansvarlig for kompetanseutviklingen i den enkelte barnehage. Dette er barnehageeiers ansvar.»